

Nammenemnda

Dato

02.09.2014

Nammenemnda - Referat frå møte den 01.09.2014

Møtenummer:5/14	Møtedato:
Deltakarar: Kjell Magne Hillestad Aage Engesæter Endre Distad Eirik Røysi Jon Erlend Hougsrud	Ref. sendt til: Møtedeltakarane Varamedlemane Rådmannen

Det vart 01.09.2014 halde nytt møte i namnenemnda i Sogndal kommune. Føremålet med møtet var avklaring omkring evt. felles namn med Luster på vegen mot Luster kommune og gjennomgang av dei namneframlegga namnenemnda så langt har lagt til grunn, for å vurdere om ein kan unngå like vegnamn med nabokommunane. Til hjelp i arbeidet hadde ein fått tilsendt eit rekneark med eksisterande og føreslegne vegnamn i dei 8 kommunane i Sogn regionråd. Fylgjande vegnamn vart på dette grunnlaget vurderte på nytt av namnenemnda:

14000 Bygdavegen:

Nammenemnda i Luster har lufta tanken om felles vegnamn på strekninga frå Sogndal til Sognefjellsvegen. men ynskjer ikkje Bygdavegen. Namnenemnda i Sogndal ser det også som ynskjeleg at heile denne strekninga har eitt vegnamn både av orienterings- og adresseringsomsyn. Under føresetnad av at namnenemnda i Luster også har same oppfatning, endrar namnenemnda i Sogndal sitt namneframlegg på denne strekninga til 14000 LUSTRAVEGEN. Vel Luster eit anna namn står namnenemnda fast på sitt opprinneleg framlegg Bygdavegen fram til kommunegrensa med Luster.

13620 Eggjavegen:

Gatnamnet Eggjavegen er frå før av i bruk i Leikanger kommune. For å unngå same namn i Sogndal endrar namnenemnda sitt forslag på denne parsellen til 13620 HAUSAVEGEN.

13070 Fjordvegen:

Vik kommune har gjort framlegg om Fjordavegen. Ettersom skrivemåten her ikkje er heilt lik og Vik kommune ligg på sørsida av Sognefjorden, finn namnenemnda i Sogndal her å ville halde på 13070 FJORDVEGEN.

15090 Gamlevegen:

Vegnamnet er alt i bruk både i Årdal kommune og i Luster kommune. Namnenemnda endrar difor forslaget på denne gateparsellen til 15090 GAMLE KAUPANGSVEGEN.

14090 Hovdavegen:

Namnet er alt i bruk i Leikanger kommune. Namnenemnda endrar difor sitt framlegg på denne ardesseparsellen til 14090 HOVDANE.

13520 Krikavegen/Krekavegen:

Namnet Krekavegen er føreslege brukt av Luster kommune. Namnenemnda endrar difor her sitt framlegg til 13250 KRIKEN.

13130 Reppavegen:

Namnet er alt i vedteke i Aurland kommune. Sjølv om namnenemnda her ikkje ser nokon stor fare for samanblanding, har ein eit godt alternativ til nameforslag og endrar sitt forslag til 13130 SKIRSETEVEGEN.

13630 Åsavegen:

Namnet er også føreslege på ein gateparsell i Vik Kommune, men har vore brukt på den aktuelle vegstrekninga i Sogndal sidan vegen vart bygd og gjeld for vegen som fører til både Årvollsåsen og Elvagjengsåsen. Åsavegen er difor eit samlenamn for fleire «åsar». Namnenemnda ynskjer difor å hald fast på dette, ettersom ein ikkje ser nokon stor fare for samanblanding om det same gatenamnet også eksisterer i Vik. Namnenemnda held fast på 13630 ÅSAVEGEN.

Eirik Røysi
avdelingsingeniør